

# DEN NORSKE KYRKJA

## Møre bispedømeråd

Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

322-00

13/5-08

200800482-50

Dato: 08.05.2008

Vår ref: 08/94-3 JEK

Dykkar ref: 200800482-/HBHS

### Høyringsfråsegn frå Møre Bispedømeråd - NOU 2008:1

Innleiingsvis vil rådet peike på at utgreiinga er lite prega av teologisk kompetanse, korkje i utvalet eller i referansegruppa er denne særleg godt representert. Det er underleg, sidan temaet nettopp har med trussamfunn og religion å gjere.

I NOU 2008:1, "Kvinner og homofile i trossamfunn" gjer utvalet framlegg om endringar i arbeidsmiljølova og likestillingslova. Det er med interesse vi les at det av alle land i Europa berre er i Sverige og Danmark at det ikkje er lov å diskriminere homofile ved tilsetjing i trussamfunn. Trussamfunn kan ha særlege behov for slik diskriminering etter si religiøse overtyding. Vi kjenner jo til at ein i Den danske kyrkja har tilsett prestar som ikkje trur på Gud, sannsynleg utifrå den same lovgjevinga, utan rett til å spørja om eller leggja vekt på religiøse spørsmål ved tilsetjing.

Vi ønskjer ikkje at Den norske kyrkja skal måtte tilsetje prestar eller andre sentrale medarbeidarar med forkynnar- eller leiaroppgåver utan å ha rett til å spørje om ståstad i religiøse spørsmål. At utvalet fremjar forslag om å fjerne 3. lekk i §13.3 kan verte oppfatta som at det ikkje lenger er lov å diskriminere på grunn av homofil samlivsform, og Møre bispedømeråd kan ikkje akseptere det. Men det kan òg verte oppfatta som at dette konkrete tilhøvet ikkje kjem i nokon særleg stilling i høve til andre viktige lærespørsmål for trussamfunnet.


Det er òg viktig at retten til å diskriminere ikkje krev full semje i trussamfunnet. Det må vere mogleg at lokale tradisjonar og forståing i enkelte lærespørsmål kan variere, og dermed gje ulik praksis i slike spørsmål.

Som følgje av vedtaket i Kirkemøtesak 7/07 pkt. 4 og 5 vil enkelte bispedømeråd klargjere sitt og biskopen sitt syn på tilsetjing av homofile i partnarskap gjennom ei formulering i utlysingsteksta for prestestillingar. Slik vi forstår utgreiinga vil dette vere både juridisk korrekt og ønskjeleg.

Det er viktig at menneskerettar, trusfridom og likestilling vert sett høgt i den norske lovgivinga. Møre bispedømeråd meiner at trussamfunn si rett til å følgje si overtyding framleis må vernast. Det må framleis vere mogleg for trussamfunn i Noreg å diskriminere ved tilsetjing i viktige stillingar. Å behalde noverande §13.3, 3. lekk ser vi

som naturleg og viktig. Politisk styring av religionsfridom må ikkje ta frå trussamfunn retten til å utøve sitt sjølvstendige ansvar etter si eiga sjølvforståing.

Med helsing



Jan-Egil Korseberg  
stiftsdirektør  
Direkte innval: 71 25 06 80